



DEN NORSKE KYRKJA Fitjar sokn

Fitjar kommune, med sine ca. 3200 innbyggjarar, har eitt sokn. Fitjarbygda ligg sentralt til mellom Bergen og Haugesund. Her er gode kommunikasjonar for å reisa til og frå. Bygda har rikt kulturliv og vakker natur som legg til rette for ei aktiv fritid. Soknet har ei kyrkje som ligg i Fitjar sentrum. I kyrkjelyden er det svært stor oppslutning om gudstenester, andre arrangement og frivillig arbeid. Staben i kyrkja består for tida av sokneprest, kyrkjeverje, kantor, og kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar.

Fitjar kyrkjelyd sin visjon er: «**Nær Kristus – nær menneske**»

Me har denne stillinga ledig:

Trusopplærar – 80 % fast stilling

Arbeidsoppgåver

- ✓ Arbeid med trusopplæring 0 – 18 år
- ✓ Konfirmantarbeid
- ✓ Anna barne – og ungdomsarbeid
- ✓ Frivilligkoordinator

Utdanning/kvalifikasjonar

- ✓ Relevant utdanning innan kristendom, teologi og pedagogikk
- ✓ Erfaring frå barne- og ungdomsarbeid

Personlege eigenskapar

- ✓ Evne til å kommunisera med ulike aldersgrupper, særleg barn og ungdom
- ✓ Gode evner til å samarbeida med tilsette og frivillige, lag og organisasjonar
- ✓ Evne til å arbeida sjølvstendig og fleksibelt
- ✓ Ynskje om å vera med å bygga og styrka kyrkjelyden i Fitjar
- ✓ Evne til å skapa engasjement

Me kan tilby:

- ✓ Løn og arbeidsvilkår etter gjeldande regulativ og tariffavtale i KA
- ✓ Pensjonsordning i KLP
- ✓ Samarbeid i ein stab med stor arbeidsglede og godt humør

Den som vert tilsett må kunna uttrykkja seg godt på norsk, både skriftleg og munnleg.

Målforma i Fitjar kyrkjelyd er nynorsk.

Det er ønskjeleg, men ikkje eit krav, at dei som arbeider i kyrkjelyden er busette i Fitjar.

Det vert sett krav til medlemskap i Den norske kyrkja.

Ved tilsetjing vil det verta kravd politiattest.

Søknadsfrist 15.8. 2018

Søknad kan sendast til arbeidsgjevar:

Fitjar sokn, postboks 10, 5418 Fitjar.

kyrkja@fitjar.kommune.no

Nærare informasjon om stillinga er råd å få hos kyrkjeverje Harald Rydland tlf. 913 47 802.